

- Det viktigaste er å laga skikk

Og showa gjorde han, Anders Rolland Jakobsen, som kørde autoslalåm for første gong i helga, og gav publikum kjempeunderhaldning.



Av Linda E. Eide
linda@strilen.no

Det kvein i hjul og rauk frå dekka då siste runde i Nordhordlandscup i autoslalåm vart køyrd søndag. Påmeldinga var god, véret perfekt og bana utfordrande, publikumsvennleg og etterkvart godt svart av gummi.

Debutanten underheldt

Nordhordlandscupen består av tre rundar, dei to første av dei har alt gått på Eikås. I kvar runde vert det køyrd tre omgangar i kvar klasse. Klasse 1 er for standardbilar, klasse 2 for modifiserte bilar og i klasse 3 er det debutantane som får prøva seg.

Ein av debutantane som var med på Mongstad, var Anders Rolland Jakobsen. Med stor fart, ein del krumspring og godt humør gav han publikum god underhaldning.

– Det viktigaste er å laga show, seier Anders med eit stort glis.

Anders har bil som hobby, og har tidlegare køyrd litt på Eikås og vore på gatebilstreff.

– Det er ein kjekk hobby, seier han.

Herjedekk

Strilen snakka med Anders då han nett hadde parkert bilen etter andre runde. Bilen er hans egen, som han innrømmer å ha investert ein god slump med pengar i. For å spara litt pengar, bytta han vekk god-dekka før andre runde i autoslalåmen.

– Eg sette på nokre herjedekk, seier han.

Kameratjengen var i fyr og flamme då dei oppsøkte han etter løpet.

– Speakeren sa tida di, og at den var heilt grei, flirte dei, og



DEBUTANTEN: Det viktigaste for Anders Rolland Jakobsen var å showa mest muleg, då han kørde autoslalåm for første gang søndag.

sikta til feilskjera som resulterte i ikkje veldig god tid, men god underhaldning.

Debutantar kan ha inntil fem lop i klasse 3 før dei må over i klasse 1 eller 2.

Rekrutter?

Dei fleste klarte å manøvrera seg i imponerande fart mellom kjelelne denne dagen. Løypa var lagt opp slik at farten var høgast lengst vekke frå tilhøyrarane. Trygt bak sperringar ved målområdet stod publikum i herleg sol-

steik, med ein dis av svidd gummi i lufta og studerte delta-karane sin innsats. Blant desse var Jonas (4) og Kevin (7) K. Hølleland frå Natås. Dei hadde benka seg til med høyrelsvern og solstolar.

– Det er kjekt å sjå på, seier Kevin.

Sjølv kører han ikkje bil, men han kører ATV, fortel sjuåringen.

– Men eg trur eg har lyst å begynna å køyra litt cross, seier han.

Bilcross er nemleg favoritten blant bilsport.

Veldig god løype

Blant deltakarane som hadde køyrd to rundar tidlegare, var Ove Sivertsen frå Laksevåg. Etter to rundar låg han på ein ellevte-plass, av 26 deltakarar.

– Eg prøver å få med meg det som er av slike løp, seier Sivertsen.

Han var sånn passe nögd med eigen innsats etter søndagens to rundar.

– Men eg trur eg har lyst å begynna å køyra litt cross, seier han.

Bilcross er nemleg favoritten blant bilsport.


maco sin store asfaltlass på Mongstad, var han svært godt nögd med.

– Den var veldig gøy å køyra, seier han.

Sivertsen meiner nivået er høgt i Nordhordland og Bergen, og at det er små marginar som avgjer kven som vinn.

– Målet mitt er å ha det gøy. Medalje er ein bonus, seier han og flikkar ferdig på bilen før tre-dje og siste runde.

Bana som var laga til på No-



GOD UNDERHALDNING: Ikkje fullt så godt resultat. Først ser du Anders Rolland Jakobsen konsentrert bak rattet frå start, med ei gummisky bak seg. Så ser du innspurten i fleire bilete, der han får litt vel stor sleng på